



Skomakarnibbå, 700 moh.



Strengjatonå, 220 moh.



Hjelmelandsvågen



Gamle Vågen

**NB!** Alle turer er skildra med start frå gamle Vågen (kommunehuset)

### 1 SKOMAKARNIBBÅ

– sagnomsust turmål langs Jøsenfjorden  
Skomakarnibbå er namnet på eit særmerkt fjellparti 700 meter over Jøsenfjorden. Start i Vågen og gå opp den gamle sjoarvegen via Flådene (alt. via Strengjatonå) til garden Hagalid. Vidare på skogsveg og deretter sti. Stien stig bratt opp mot Øksnafjellet. Deretter er det lettgått og ope inn mot Ulsvikjuvet. Deretter kjem ein først til «Karstykjet» og så til den markante Skomakarnibbå som stikk ut frå det massive fjellplatået. Stien har bratte parti, og oppe på platået er det stup. Stien går ikkje ut på nibbå. Turpost.

Lengd: ca 10 km ein veg  
Høgdeskilnad 700 m

### 2 STRENGJATONÅ

– sentrumsnær tur til flott utsiktspunkt  
Start turen gjennom trengt smug mellom dei gamle husa i Vågen. Vidare opp mellom frukthagar i eit vakkert kulturlandskap på Sæbø. Vidare på sti med kraftig stigning og eit par bratte kneiker på slutten mot utsiktspunktet. Turen er ikkje lang, og stien er tilrettelagd med tau og trappetrinn på dei mest ulendte plassane. Frå Strengjatonå er det flott utsikt over heile tettstaden Hjelmeland og den vide Ombofjorden. Retur gjennom fine beiteområde via Knuten og Flådene, med utsikt nordover. Siste del av turen går via Nordbygda attende til Vågen.

Lengd: Rundtur ca 3 km  
Høgde utsiktspunkt ca 220 moh.

### 3 HEIAKODL

– flott tur frå Vågen til markant kolle med vid fjordutsikt  
Følg rute 2 opp til Strengjatonå, vidare forbi Knuten til du møter Hagalid-stien. Denne stien går bratt opp gjennom beite og granskog, og vidare inn til Heiavarden, ca 380 moh. Her er eit vegskilje, og målet er Heiakodl, 450 moh. Siste biten frå Heiavarden til Heiakodl går i ope flott terreng med småskog, berg og små myrparti. Oppe på Heiakodl får du ein fantastisk utsikt. Retur same veg, eller følg Hagalidvegen ned.

Lengd: snau 4 km ein veg. Høgdeskilnad: 450 m  
Fint alternativ er å starte på p-plass Hagalid gard (mot betaling), 300 moh. Kortare og lettare tur.

### 4 HJELMEN RUNDT

Når du står i Vågen, kan du ikkje unngå å leggje merke til ein markant hjelmforma ås sentralt i tettstaden: Hjelm. Han har gitt namn til kommunen, ligg i utmarka til Prestagarden og er ei lita naturperle. Start i Vågen over den knallraude gangbrua, opp steintrappa Timastokken og opp Prestagardsmarka. Vidare vandring gjennom eikeskog og landbruksområde. Lia mot Steinslandsvatnet er som ein liten «trollskog» av store eiketre og området er internasjonalt kjent på grunn av lavvekstene. Lengre sør møter du kanskje dyr ute på beite, så følg difor den merka ruta. Turen går ut Tuntlandsvegen og vidare gjennom Hagahaugen for retur til Vågen.

Lengd: rundtur ca 3,5 km  
Høgdeskilnad: 90 m

### 5 HJELMEN

– opp til orkesterplassen ved «Northern Winds»  
Hjelm opp er eit spanande alternativ til å gå rundt. Start likt som tur 4 frå Vågen gjennom Prestagardsmarka. Etter stidelet følger du sti opp gjennom eikeskog til toppunktet 206 moh. Utsikten er best på vestsida ved utescenen. Her får du orkesterplass til tettstaden, fjorden og øyane. Her finn du òg steinskulpturen «Northern Winds». Stien går bratt ned på vestsida, anten ned til vegen Prestagarden eller ned til Kalvehagen retning idrettsanlegget. Retur via Hagahaugen til Vågen.

Lengd: rundtur ca 3 km  
Høgdeskilnad: 206 m

### 6 KLUNGEN RUNDT

– kort luftrunde i nærmiljøet Hjelmeland  
Klungen er ein liten skog tett ved skule og barnehage. Start i Vågen over den knallraude gangbrua, og vidare langsmed sjøen. Du svingar oppover og gjennom uteområdet til hotellet. Turen fortset opp mot skuleområdet. Her kan du stanse i Tarzanjungelen og leike litt, eller spele ball på banen. Rundt Klungen er det god sti. Inne i Klungen er det nokre leikeapparat og ein gapahuk. Returen kan gjerne gå langs Vågavegen og ned steintrappa Timastokken til Vågen.

Lengd: ca 2,5 km  
Høgdeskilnad: ca 60 m

## Kart rute 1-5, 7-9

Teiknforklaring	
Turrutene 1-12 er merka med ulike fargar i kartet	
-----	Sams turtrasé
-----	Andre stiar (umerka)
-----	Hovedveg
-----	Mindre vegar
-----	Små grusveg/aktorveg
-----	Kraftline
-----	Dyrka mark/beite
-----	Skog
-----	Vatn/elv
-----	Myr
-----	Bustad/gardsbruk
-----	Anna næring
P	Parkering
i	Informasjon
♣	Buss
☪	Ferje
☪	Toalett
☪	Utsiktspunkt
☪	Badebass
☪	Gapahuk
☪	Turbok, Hjelmeland Turlag



**NB!** Alle turer er skildra med start frå gamle Vågen (kommunehuset)

### 7 LEITERUNDEN

– sentrumsnær vandring i kulturhistorisk landskap  
Leiterunden er ein kort rundtur frå Vågen gjennom særprega busetnad og kulturlandskap. Start opp i smuget i gamle Vågen, opp til Sæbø. Følg landbruksveg langs grøne ekrer og spanande kulturminne. Det var her på Sæbø dei i 1769 fant dei flotte halsringane av sølv frå vikingtida. Utsiktspunktet Leite ligg på ein liten fjellknau, som ein avstikker frå stien. Turen held fram langsmed ekrer på eine sida og steile fjellveggar på andre sida. Ved Flådene svingar løypa sørover igjen. Returen går anten via Burmavegen, eller ned via Nordbygda.

Lengd: ca 3 km  
Høgaste punkt, Leite: 90 moh.

### 8 SANDSÅSEN

– frå post til post i flott terreng  
Sandsåsen er ein vid ås som ligg sør for tettstaden Hjelmeland. Start i Vågen og gå Vågavegen vestover til Sande. Frå tunet på Sande stig det bratt opp på god sti i tett granskog. Når landskapet opnar seg, er du inne på sjøve Sandsåsen der Hjelmeland Turlag har tre turpostar. Post 1 ligg like ovanfor Kro, ca 200 moh., med utsikt mot sørvest. Stien opp mot post 2 går i opnare heilandskap. Post 2, ca 280 moh., byr på nydeleg utsikt mot nordaust, nedover til tettstaden Hjelmeland. Følg merka sti vidare til stidelet ved Skoddbraud, ta av ned mot Tuntland og deretter retur til Vågen. Har du lyst på meir utfordring, kan du gå vidare til post 3 på Middagsknuten 451 moh., sjå tur 9.

Lengd: snau 8 km  
Høgde på utsiktspunkta: post 1 ca 200 moh., post 2 ca 280 og post 3 ligg 451 moh.

### 9 BJØDNABU-RUNDEN

– flott rundtur frå fjord til fjell  
Bjødnabu-runden er langturen der du møter mykje av det Hjelmeland har å by på: aktivt kulturlandskap, vakre vatn, ope heilandskap og markante utsiktspunkt. Heile rundturen med start og stopp i Vågen er om lag 19 km, så set gjerne av heile dagen. Bjødnabu-runden startar frå Vågen opp til Sæbø (sjå tur 7). Vidare langs Sæbøvegen og oppover Hagalidvegen og ned til Kvame. Ruta passerer fruktgardane Sæbø og Nedre Fevoll som også er siderproducentar. Vidare til Bjødnabu går turen på veg. Bjødnabu ligg ca 450 moh. og er eit tilrettelagd friluftsområde med løype, gapahuk, toalett og badevatn. Derfrå går resten av rundturen på merka sti utover til Puntnes i nydeleg kupert hei- og skogslandskap. Delar av ruta vestover er gamal driftaveg. Vær obs på stidele ved Raunstølvatnet. Ta gjerne alternativ rute om post 3, Middagsknuten, eller avstikker til post 2, Sandsåsen. Frå Puntnes følgjer ein hovudveg tilbake til Vågen.

Lengd: ca 19 km  
Høgdeskilnad: ca 500 m

### 10 JØRMELAND

– avstikker frå tur 9  
Jørmeland er eit nedlagd gardsbruk. Turpostkasse like for tunet. Lett kupert terreng med godt opparbeida sti.

### 11 SKULP-TUREN

– Skulp-turen er ein sentrumsnær runde der du får med deg kunst og minnesmerke. Turen er berre delvis skilta. Kan godt supplerast med delar av Vågarunden (tur 12). Turen går mellom Vågen og Sande. På plenen ved kommunehuset står bysten med forfattar og lærar Johannes Arneson. Ved elveosen finn du verdas største jærstol; Hjelmeland er jærstolkommunen, og dette norske møbelikonet har blitt produsert her sidan 1899. Frå elva følgjer du langs sjøen forbi hotellbygget. I området her er der fire skulpturar. Vidare langs Vågavegen til ferjekai, der den siste steinskulpturen er å finna. På retur tilbake til Vågen kan du òg ta avstikkaren opp på Hjelm til skulpturen «Northern winds» (jf tur 5). Ved kyrkja finn du minnesmerket over tre ungdomar som ofra livet under 2. verdskrigen.

Lengd: 2,5 km; med avstikker til Hjelm, 4,2 km  
Høgdeskilnad: ca 200 m inkl. Hjelm

### 12 VÅGARUNDEN

– ei kulturvandring  
Hjelmelandsvågen har mykje spennande historie å by på. Litt av den kan du få med deg ved å følgja den sentrumsnære Vågarunden som går mellom Vågen og gamle Heradstova. Pr dato i alt 11 blå emaljesskilt der du kan lesa om gamal krigshistorie, storflaumen, kyrkjebygging, koparverket og mykje meir. Heile runden tek rundt 45 minutt. Turen er ikkje separat skilta med vegvisningsskilt. Følg kartet (til venstre).

Lengd: ca 1,5 km  
Høgdeskilnad: ca. 30 m



Leite



Sandsåsen



Fruktblomstring, Sæbø



Verdas største jærstol, Vågen




# Kart rute 1-12



**Teiknforklaring**

- Merka turar
- Skiløyper
- Andre stiar
- Hovedveggar
- Mindre veggar
- Små grusveggar/traktorveggar
- Kraftline
- Dyrka mark/ beite
- Skog
- Vatn/elv
- Myr
- Bustad/gardsbruk
- Anna næring
- P Parkering
- i Informasjon
- P Bompengar
- B Buss
- F Feje
- L Lysløype
- T Toalett
- U Utsiktspunkt
- B Badeplass
- G Gaphuk
- T Turbok, Hjelmeland Turlag



## KJÆRE TURGÅAR!

Hjelmelandsvågen er eit sentralt utgangspunkt for turar på land og sjø. Her finn du informasjon, busstopp, toalett og parkering. I området mellom ferjekaien og gamle Vågen finn du serveringstilbod, daglegvarebutikkar, bank og andre servicetilbod. Bruk dei!

Kartet skal vera eit hjelpemiddel for å finna fram til gamle og nye turmål. Turtraseane går på stiar og vegar i variert terreng, delvis også innmark og tett på hus! Me vil oppmoda alle turgåarar om å ta omsyn til dei som eig og brukar området elles, til beitedyr og til andre du møter. I utmark kan ein kvar ferdast til fots heile året, viss det skjer med omsyn og varsemd (allemannsretten).

- Ta omsyn til beitedyr og lukk grunder
- Hald hunden i band
- I tida 15. april til 15. sept. er det ikkje lov å tenna bål
- Ta med bosset heim

Turtraseane er enkelt skilta med fargekodar etter nasjonal standard med vanskegradene:

- Enkel: Kan gjennomførast av alle
- Krevande: For den røynde turgåaren
- Middels: For den vanlege trimmaren
- Ekstra krevande: For røynde fjellfolk



## GOD TUR!

Redaksjon: kommunen, næringslivet, frivillige  
 Framsidemotiv: Ved «Northern Winds», Hjelmen.  
 Foto: Bente Roalsø Sirevåg  
 Redaksjonen avslutta desember 2020  
 Design, kartografi og grafisk produksjon:  
 Grafika AS - 468 11 000 - grafika.no Kartkjelde: Statens kartverk  
 Kartet er å finna på [www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no)  
 Utgjeve av Hjelmeland kommune med stønad frå:



Stor takk til grunneigarane!



På tur frå  
**Hjelmelandsvågen**